

# Prop. 45 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Om endringar i statsbudsjettet for 2009 under Justis- og politidepartementet

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 13. november 2009,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Justis- og politidepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet for 2009. Endringsforslaga på nokre av dei regelbundne postane er m.a. baserte på rekneskapstal per. 31.08.2009. Departementet vil understreke at tala for forbruk på dei regelbundne postane berre er prognosar, og at dei endelege rekneskapstala kan avvike ein del frå desse prognosane.

ne bakgrunn vert det foreslått å omdisponere 1,1 mill. kroner frå kap. 410, post 01 til kap. 400, post 01, jf. omtale under kap. 410, post 01.

### Kap. 410 Tingrettane og lagmannsrettane

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekkjer faste og variable lønsutgifter samt lønsutgifter til tilkalla og ekstraordinære dommarar og andre ordinære driftsutgifter.

Det vert foreslått å redusere løyvinga under kap. 410, post 01 med 1,1 mill. kroner, jf. omtale under kap. 400, post 01.

### 2 Forslag om endringar

#### Kap. 400 Justisdepartementet

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Som følgje av forsinka etablering av Utmarksdomstolen for Finnmark (etableringa er avhengig av når det første kravet om rettsleg prøving av Finnmarkskommisjonen sin utgreiingsrapport blir sett fram), er det mogleg å frigjere midlar under kap. 410, post 01 til finansiering av Statsbygg sitt arbeid med planar for landsvern for eigedomane som blir nytta av domstolane over kap. 400, post 01. På den-

#### Kap. 430 Kriminalomsorga si sentrale forvaltning

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekkjer ordinære driftsutgifter (løn, varer og tenester) i kriminalomsorga.

Det vert foreslått å auke løyvinga under kap. 430, post 01 med 4,2 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon i løyvinga under kap. 430, post 21, jf. omtale under kap. 430, post 21.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 03. Ettersom inntekter frå husleige, sal og tilskot i 2009 er venta å bli høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2009, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 430, post 01 med 6,8 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3430, post 03.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 04. Som følgje av at tilskot frå Utanriksdepartementet til internasjonalt fengselssamarbeid i 2009 er høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga for 2009, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 430, post 01 med 0,4 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3430, post 04.

Samla vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 430, post 01 med 11,4 mill. kroner.

#### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under kap. 430, post 01*

Posten omfattar utgifter arbeidsdrifta har til materiale, vanleg utskifting av mindre maskiner og utstyr, kursing av tilsette retta mot hjelphemiddel brukt i arbeidsdrifta samt vedlikehald og drift av maskinparken. Arbeidspengar til dei innsette inngår også i løyvinga.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 21 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 02. Inntektene som vert ført under posten er venta å bli høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga for 2009. Det vert derfor foreslått å auke løyvinga under kap. 430, post 21 med 5,1 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3430, post 02.

Meirutgiftene i samband med arbeidsdrifta under kap. 430, post 21 er venta å bli lågare enn meirinntekta under kap. 3430, post 02. Det vert derfor foreslått å omdisponere 4,2 mill. kroner frå kap. 430, post 21 til kap 430, post 01, jf. omtale under kap. 430, post 01.

Samla vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 430, post 21 med 0,9 mill. kroner.

#### **Kap. 3430 Kriminalomsorga si sentrale forvaltning**

##### *Post 02 Inntekter frå arbeidsdrifta*

Løyvinga på posten dekkjer inntekter frå sal av arbeidsdrifta sin produksjon.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 21 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 02. Inn-

ektene som vert ført under posten er venta å bli høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2009. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3430, post 02 med 5,1 mill. kroner, jf. omtale under kap. 430, post 21.

##### *Post 03 Andre inntekter*

Løyvinga på posten dekkjer m.a. leigeinntekter for teneste- og legebustad, refundert kost og husleige samt klientavhengige driftstilskot til overgangsbustadane.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 03. Inntektene frå sal og tilskot som vert ført under posten er venta å bli 6,8 mill. kroner høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2009. Det vert derfor foreslått å auke løyvinga under kap. 3430, post 03 med 6,8 mill. kroner, jf. omtale under kap. 430, post 01.

##### *Post 04 Tilskot*

Løyvinga dekkjer tilskot til deltaking i internasjonalt fengselssamarbeid.

Justisdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 04. Ettersom tilskot frå Utanriksdepartementet til internasjonalt fengselssamarbeid er høgare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2009 vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3430, post 04 med 0,4 mill. kroner, jf. omtale under kap. 430, post 01.

#### **Kap. 440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten**

##### *Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 441, post 01*

Løyvinga dekkjer alle ordinære driftsutgifter ved Politidirektoratet, politidistrikta (ikkje Oslo politidistrikt), politireserven og politiet sine særorgan (ikkje Politihøgskolen).

Det er venta ein nedgang i talet på produserte pass. Dette vil gje reduserte utgifter på til saman 8,6 mill. kroner. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 440, post 01 med 8,6 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3440, post 01.

Med bakgrunn i kravet om realistisk budsjetting vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 50 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3440, post 03.

### *Konsekvensar av EUs avgjerd om Schengen informasjonssystem (SIS II)*

EU har vedteke å gje høgare prioritet til prosjektet, og medlemslanda har forplikta seg til å utvikle/sluttføre sine nasjonale Schengen informasjonssystem. Medlemslanda skal også gjennomføre ulike testaktivitetar i samarbeid med EU-kommisjonen mot det sentrale SIS II.

EU-avgjerda har vesentlege konsekvensar for det norske SIS II prosjektet. Aktivitetsnivået må auke kast andre halvår 2009 for å kunne møte dei internasjonale pliktene opp mot EU. Auka aktivitet medfører i hovudsak behov for å ta inn fleire eksterne konsulentar med spisskompetanse i prosjektet, og kostnadene stig vesentleg som følgje av dette. På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 10 mill. kroner.

### *Oppsummering*

Samla vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 51,4 mill. kroner.

### *Post 23 Sideutgifter i samband med sivile gjeremål*

Posten dekkjer sideutgifter i samband med dei sivile gjeremåla.

På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og venta utvikling vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 23 med 10 mill. kroner.

### *Post 73 Tilskot til EUs yttergrensefond*

Det er no klart at Noreg sitt tilskot til EUs yttergrensefond for 2009 ikkje vil bli krevd inn før i 2010. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 440, post 73 med 47 mill. kroner i 2009. Løyvinga for 2010 er på denne bakgrunne foreslått styrka, jf. Prop. 1 S (2009-2010) for Justisdepartementet.

### **Kap. 3440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten**

#### *Post 01 Gebyr – pass og våpen*

Posten dekkjer inntekter frå behandlingsgebyr for pass og våpenløyvingar. Posten dekkjer også gebyr for Oslo politidistrikt.

Det vert vist til omtale under kap. 440, post 01 om redusert passproduksjon. Inntektene på posten er lågare i 2009 enn for tilsvarende periodar tidligare år. På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og venta utvikling vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3440, post 01 med 40 mill. kroner.

### *Post 03 Salsinntekter*

På posten vert det rekneskapsført inntekter frå innbytte og sal av utskifta køyretøy m.m.

Med bakgrunn i kravet om realistisk budsjettering vert det foreslått å løyve 50 mill. kroner under kap. 3440, post 03, jf. omtale under kap. 440, post 01. Tilsvarende oppjustering er foreslått i Prop. 1 S (2009-2010) for Justisdepartementet.

### *Post 06 Gebyr – utlendingssaker*

Posten dekkjer gebyr i samband med statsborgarskap, familieinnvandring og arbeids-, busettings- og utdanningsløyver.

På bakgrunn av erfaringstal, rekneskapstal hittil i år og venta utvikling vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3440, post 06 med 10,9 mill. kroner.

### *Post 07 Gebyr – Sivile gjeremål*

Posten skal dekkje gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet – dvs. gebyr for tvangsforsretningar og forliksrådsbehandling.

På bakgrunn av erfaringstal, rekneskapstal hittil i år og venta utvikling vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3440, post 07 med 85 mill. kroner.

### **Kap. 441 Oslo politidistrikt**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Posten dekkjer alle ordinære driftsutgifter i Oslo politidistrikt.

Som følgje av mindre aktivitet knytta til politioppdrag som gjev refusjonar, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 441, post 01 med 5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3441, post 02.

Vidare vert det på bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling foreslått å auke løyvinga under kap. 441, post 01 med 1,5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3441, post 05.

Samla vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 441, post 01 med 3,5 mill. kroner.

### **Kap. 3441 Oslo politidistrikt**

#### *Post 02 Refusjonar*

Posten gjeld i hovudsak refusjonar av utgifter for politioppdrag som einingane i politidistriket har utført for organisasjonar, lag, entreprenørar og offentlege etatar i samsvar med særskilt heimel.

Inntektsmålet for posten ligg noko høgt, og hittil i år er det rekneskapsført lite på posten i høve til

tidlegare år. Dette har samanheng med politikonflikten som fann stad i første halvår 2009, der polititilsette tok på seg færre privatbetalte oppdrag. Aktiviteten vil truleg ta seg opp dei siste månadene av året. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3441, post 02 med 5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 441, post 01.

#### *Post 05 Personalbarnehage*

Posten omfattar foreldreinnbetaling og statstilskot til personalbarnehage.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3441, post 05 med 1,5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 441, post 01.

### **Kap. 3451 Samfunnssikkerhet og beredskap**

#### *Post 01 Gebyr*

Løyvinga på posten dekkjer inntekter frå avgifter til dekning av utgifter for tilsyn retta mot risikofylt verksemrd.

Avgiftsinnbetalingane er venta å bli lågare enn det som var lagt til grunn for løyvinga i 2009. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3451, post 01 med 3,9 mill. kroner.

### **Kap. 456 Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK)**

I St.prp. nr. 67 (2008-2009) vart det gjort greie for ytterlegare forseinkingar i leveransen av Nødnett, i hovudsak knytta til utsetjing i leverandøren si avsluttande testing av systemet. I St.prp. nr. 83 (2008-2009) orienterte Justisdepartementet om at prosjektet er hefta med ytterlegare utfordringar og nye forseinkingar. Dette skuldast m.a. uvisse knytta til framdrifta i utviklinga av kommunikasjonssentralane i brann- og helseetatane. Det er behov for endringar i spesifikasjonane og i funksjonalitet til desse kommunikasjonssentralane for å kunne ta Nødnett i bruk i dei to etatane.

Regjeringa har i Prop. 1 S (2009-2010) for Justisdepartementet foreslått løyvingar for første trinn av Nødnett i budsjettet for 2010. Forslag til løyvingar i 2010 kjem som eit resultat av utsette betalingsmilepælar i 2009, og det vert derfor foreslått ei nedjustering av løyvingane under kap. 456 i 2009, jf. næraare omtale nedanfor.

På grunn av forseinkinga og etatane sine behov for endringar i spesifikasjonar og funksjonalitet til kommunikasjonssentralane, kan den totale kostnaaden for fyrste byggetrinn bli høgare enn tidlegare

lagt til grunn. Stortinget har i Innst. S. nr. 346 (2008-2009), jf. St.prp. nr. 83 (2008-2009) gitt samtykke til at Kongen i statsråd får fullmakt til å auke kostnadsramme for fyrste byggetrinn med inntil 110 mill. kroner. Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK) har i tråd med St.prp. nr. 83 (2008-2009) ført forhandlinger med leverandøren om ferdigstilling av fyrste byggetrinn. Resultatet frå forhandlingane mellom staten og leverandøren ligg til handsaming i Justisdepartementet. Forslaga til endringar i budsjettet for 2009 tar høgde for Justisdepartementet sine foreløpige vurderingar av resultata av forhandlingane. Dersom sluttføringa av forhandlingane medfører endringar i behova, vil Regjeringa kome tilbake til Stortinget på egna måte.

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekkjer staten sine kostnader til drift av Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK) og kostnader til drift til leverandøren for dei områda som vert bygd ut og satt i drift i 2008 og 2009.

Justisdepartementet sine foreløpige vurderingar av framdrifta i utbygginga og av forhandlingsresultatet, tilseier at løyvinga under kap. 456, post 01 i 2009 bør reduserast. Dette har m.a. bakgrunn i at forseinkingar hjå leverandøren vil føre til ei utsetjing av utbetalingar frå DNK i 2009. Vidare vil politiet bli fakturert for utgifter knytta til transmisjonskostnader til kommunikasjonssentralar som det ikkje er tatt høgde for i budsjettet for 2009, jf. omtale under kap. 3456, post 02. DNK sine meirutgifter til forhandlingane trekk i retning av auka kostnader. Vidare vil det i 2009 kome auka kostnader til site/mastelege. Justisdepartementet tilrar vidare at driftsmessige konsekvensar i 2009 som følgje av nokre endringar initiert av etatane på 3,5 mill. kroner vert dekt gjennom ei overføring frå kap. 456, post 45, jf. omtale under kap. 456, post 45.

#### *Oppsummering*

Basert på dei foreløpige vurderingane av framdrifta i utbygginga og av forhandlingsresultatet, vert det samla foreslått å redusere løyvinga under kap. 456, post 01 med 70 mill. kroner i 2009.

#### *Post 45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, kan overførast*

Løyvinga på posten skal dekkje investeringar i radionett, utstyr til naudetatane sine kommunikasjonssentralar og terminalar for fyrste utbyggingsområde.

Forseinkinga fører til utsett betaling av investe-

ringsutgifter for nettverk- og kommunikasjonssentralleveranse. Mulige endringar i betalingsmilepælar for nettverk og kommunikasjonssentralar som vert vidarefakturert etatane og Statens vegvesen vil trekke i motsatt retning, jf. omtale under kap. 3456, post 02. I fyrste utbyggingsområde av Nødnett vil det oppstå utgifter for DNK som vert refundert av leverandøren. Dei ytterlegare forseinkingane tilseier at refusjonane i 2009 vil reduserast, jf. omtale under kap. 3456, post 02. Vidare vert det foreslått å overføre 3,5 mill. kroner til kap. 456, post 01 som følgje av endringar initiert av etatane, jf. omtale under kap. 456, post 01.

#### *Oppsummering*

Basert på dei foreløpige vurderingane av framdrifta i utbygginga og av forhandlingsresultatet, vert det samla foreslått å redusere løyvinga under kap. 456, post 45 med 258 mill. kroner i 2009.

#### **Kap. 3456 Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK)**

##### *Post 01 Brukarbetaling*

DNK kan ikkje krevje betaling frå brukarane før tidlegast seks månader etter oppstart av stabilitetsperioden. Forseinking i utbygginga medfører at det ikkje kan krevjast betaling frå brukarane i 2009.

Det vert foreslått å redusere løyvinga under kap. 3456, post 01 med 4,563 mill. kroner i 2009.

##### *Post 02 Refusjonar*

I samband med fyrste utbyggingsområde av Nødnett vil det oppstå utgifter for DNK som skal bli refundert av leverandøren. Dei ytterlegare forseinkingane tilseier at refusjonane i 2009 vil bli redusert, jf. omtale under kap. 456, post 45. Vidare vil Politiet bli fakturert for utgifter relatert til transmisjonskostnader til kommunikasjonssentralar som det ikkje er tatt høgde for i budsjettet for 2009, jf. omtale under kap. 456, post 01. Også mulige endringar i betalingsmilepælar for nettverk og kommunikasjonssentralar som vert vidarefakturert etatane og Statens vegvesen vil auke behovet for løyvingar under kap. 3456, post 02, jf. omtale under kap. 456, post 45.

#### *Oppsummering*

Basert på dei foreløpige vurderingane av framdrifta i utbygginga og av forhandlingsresultatet, vert det

samla foreslått å auke løyvinga under kap. 3456, post 02 med 22,5 mill. kroner i 2009.

#### **Kap. 3462 Tinglysning**

##### *Post 01 Gebyrinntekter, burettsregister*

Løyvinga på posten dekkjer inntekter frå registreringar av rettar i burettsdelar.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3462, post 01 med 6 mill. kroner.

##### *Post 02 Gebyrinntekter, fast eigedom*

Løyvinga på posten dekkjer inntekter frå tinglysing i fast eigedom ved Statens kartverk.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3462, post 02 med 20 mill. kroner.

#### **Kap. 5630 Aksjar i Norsk Egedomsinformasjon as**

##### *Post 85 Utbytte*

Gjeldande løyving under posten i 2009 er 8,7 mill. kroner. På generalforsamlinga til Norsk Egedomsinformasjon as våren 2009 vart det vedteke eit utbytte på 10,728 mill. kroner for rekneskapsåret 2008. På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 5630, post 85 med 2,028 mill. kroner.

#### **Kap. 470 Fri rettshjelp**

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til sakkunnige og meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakførsel.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 470, post 01 med 0,5 mill. kroner.

##### *Post 70 Fri sakførsel*

Løyvinga på posten skal gå til å dekkje utgifter til advokat i saker der det er gitt heil eller delvis fri sakførsel.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 470, post 70 med 30 mill. kroner.

**Kap. 3470 Fri rettshjelp***Post 01 Tilkjende saksomkostning m.m.*

Saksomkostninga tilkjent staten i benefiserte saker blir ført under posten.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3470, post 01 med 2 mill. kroner.

**Kap. 471 Staten sitt erstatningsansvar***Post 72 Erstatning etter straffeforfølging, overslagsløyving*

Etter straffeprosesslova kap. 30 og 31, jf. forskrift om standardsatsar for erstatning i høve av straffeforfølging, har ein sikta rett til erstatning for økonomisk tap og til oppreisning etter faste satsar for krenking eller anna skade av ikkje-økonomisk art dersom vedkomande blir frifunne, forfølginga mot vedkomande blir innstilt, eller vedkomande har vore pågripen eller fengsla i strid med sentrale menneskerettskonvensjonar. Løyvinga på posten er regelstytt.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 471, post 72 med 4 mill. kroner.

**Kap. 472 Valdsoffererstatning og rådgiving til offer for kriminalitet***Post 70 Erstatning til offer for vald, overslagsløyving*

Posten er ei regelstytt overslagsløyving og skal gå til erstatning i saker etter valdsoffererstatningslova, m.a. saksomkostninga i samband med søknaden og klagebehandlinga.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 472, post 70 med 21 mill. kroner.

**Kap. 475 Bubehandling***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekkjer dei regelstyrte utgifte ne til staten i samband med behandlinga av saker om tvangstoppløysing av aksjeselskap og saker om konkurs etter konkurslova § 73.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 475, post 01 med 10 mill. kroner.

Justis- og politidepartementet

til rår:

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2009 under Justis- og politidepartementet.

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2009 under Justis- og politidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

**Forslag****til vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2009 under  
Justis- og politidepartementet****I**

I statsbudsjettet for 2009 vert det gjort følgjande endringar:

**Utgifter:**

Kap.	Post	Formål	Kroner
400		Justisdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 261 146 000 til kr 262 246 000	1 100 000
410		Tingrettane og lagmannsrettane	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 1 443 581 000 til kr 1 442 481 000	1 100 000
430		Kriminalomsorga si sentrale forvaltning	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 2 954 555 000 til kr 2 965 955 000	11 400 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttas under kap. 430, post 01</i> , vert auka med ..... frå kr 62 228 000 til kr 63 128 000	900 000
440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 441, post 01</i> , vert auka med ..... frå kr 8 339 532 000 til kr 8 390 932 000	51 400 000
	23	Sideutgifter i samband med sivile gjeremål, vert auka med ..... frå kr 42 038 000 til kr 52 038 000	10 000 000
	73	Tilskot til EUs yttergrensefond, vart redusert med ..... frå kr 47 000 000 til kr 0	47 000 000
441		Oslo politidistrikt	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 440, post 01</i> , vert redusert med ..... frå kr 1 700 028 000 til kr 1 696 528 000	3 500 000
456		Direktoratet for nødkommunikasjon	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 183 877 000 til kr 113 877 000	70 000 000
	45	Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr 377 841 000 til kr 119 841 000	258 000 000
470		Fri rettshjelp	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 4 399 000 til kr 4 899 000	500 000
	70	Fri sakførsel, vert redusert med ..... frå kr 436 884 000 til kr 406 884 000	30 000 000
471		Staten sitt erstatningsansvar	
	72	Erstatning etter straffeforfolging, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med ..... frå kr 17 767 000 til kr 13 767 000	4 000 000
472		Valdsoffererstatning og rådgivning til offer for kriminalitet	
	70	Erstatning til offer for vald, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med ..... frå kr 166 127 000 til kr 145 127 000	21 000 000
475		Bubehandling	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 47 999 000 til kr 57 999 000	10 000 000

**Inntekter:**

Kap.	Post	Formål	Kroner
3430		Kriminalomsorga si sentrale forvaltning	
	02	Inntekter frå arbeidsdrifta, vert auka med ..... frå kr 56 169 000 til kr 61 269 000	5 100 000
	03	Andre inntekter, vert auka med ..... frå kr 8 210 000 til kr 15 010 000	6 800 000
	04	Tilskot, vert auka med ..... frå kr 1 574 000 til kr 1 974 000	400 000
3440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	01	Gebyr – pass og våpen, vert redusert med ..... frå kr 281 600 000 til kr 241 600 000	40 000 000
(NY)	03	Salsinntekter, vert løyvd med .....	50 000 000
	06	Gebyr – utlendingssaker, vert redusert med ..... frå kr 95 535 000 til kr 84 635 000	10 900 000
	07	Gebyr – sivile gjermål, vert auka med ..... frå kr 465 021 000 til kr 550 021 000	85 000 000
3441		Oslo politidistrikt	
	02	Refusjonar, vert redusert med ..... frå kr 23 535 000 til kr 18 535 000	5 000 000
	05	Personalbarnehage, vert auka med ..... frå kr 2 756 000 til kr 4 256 000	1 500 000
3451		Samfunnssikkerhet og beredskap	
	01	Gebyr, vert redusert med ..... frå kr 114 816 000 til kr 110 916 000	3 900 000
3456		Direktoratet for nødkommunikasjon	
	01	Brukarkbetaling, vert redusert med ..... frå kr 4 563 000 til kr 0	4 563 000
	02	Refusjonar, vert auka med ..... frå kr 5 000 000 til kr 27 500 000	22 500 000
3462		Tinglysing	
	01	Gebyrinntekter, burettsregister, vert redusert med ..... frå kr 54 000 000 til kr 48 000 000	6 000 000
	02	Gebyrinntekter, fast eigedom, vert auka med ..... frå kr 865 000 000 til kr 885 000 000	20 000 000
3470		Fri rettshjelp	
	01	Tilkjende saksomkostningar m.m., vert redusert med ..... frå kr 3 132 000 til kr 1 132 000	2 000 000
5630		Aksjer i Norsk Eiendomsinformasjon as	
	85	Utbytte, vert auka med ..... frå kr 8 700 000 til kr 10 728 000	2 028 000

